



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 02.05.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15.00 - 19.20

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 24.04.18 og møtet var kunngjort i pressa 21.03.18.

I starten av møtet framførte 2 elevar frå Meland kulturskule ein duett på eufonium og kornett.

Programansvarleg for Alver orienterte om prosjektet Nordhordland Brann og redning. I tillegg orienterte han om status Alver kommune.

Leiar for referansegruppa - identitet, symbol og felles kultur Nils Marton Aadland redegjorde orienterte om status for arbeidet med symbol.

Astrid Anne Fjeldstad fekk permisjon frå kl. 18.00.  
Bente O. Sagstad møtte frå kl. 18.00.

Tore Kvalheim var kalla inn, men møtte ikkje.

Silje Ingelin Sæterstøl meldte forfall seint. Det lukkast ikkje å få inn vara.

Ved opprop var 25 medlemmer til stades, møtande varefolk medrekna.

Av 27 medlemmer var 25 til stades ved handsaming av sakene 20 - 32.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 16.25 - 16.35.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 17.45 - 17.55, frå kl. 18.15 - 18.20 og frå kl. 18.45 - 18.50.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem

Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Beate Seveline Eknes	Uavh	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Morten Klementsens	BF	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Medlem
Bente Oliversen Sagstad	SP	Varamedlem
Are Nygård	AP	Varamedlem
Roy Tore Skaar	FrP	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Asbjørn Larsen	AP
Sigmund Larsen	FrP
Silje Ingelin Sæterstøl	V
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen, leiar kultur Eirik Utne og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

9. mai 2018

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Hilland  
konsulent

Nils Marton Aadland  
varaordfører

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
20/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
21/2018	Godkjenning av møtebok
22/2018	Referatsaker
23/2018	Orientering om status Alver kommune
24/2018	Økonomisk rapportering mars 2018 med budsjettendring
25/2018	Restaurering av meieriet - tilleggsfinansiering
26/2018	Uteområde Sagstad skule - Gjennomføring og finansiering
27/2018	Forvaltningsrevisjonsrapport Meland kommune - Vedtaksoppfølging
28/2018	Spelemidler til lokale kulturbygg - desentralisert ordning 2018
29/2018	Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2018
30/2018	Tilkoplingsavgift til kommunalt vatn og avlaup for ikkje-søknadspliktige bueiningar
31/2018	Auke i budsjett til utlån av startlånsmidler for 2018
32/2018	Søknad om permisjon frå politiske verv

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/937

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
20/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 20/2018

#### KS - behandling:

Ordførar opplyste om at det er sendt ut 2 tilleggssaker.  
Sak 24 vil verte handsama etter sak 25 og 26.

I tillegg er det kome inn eit grunnleggjande spørsmål som det vil bli svara på i slutten av møtet.

#### KS - samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste med to tilleggssaker og endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/937

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
21/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 21.03.2018

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 21.03.18 vert godkjent.

### Kommunestyret - 21/2018

### KS - behandling:

### KS - samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møte 21.03.18 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/937

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
22/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
22/2018.1	Meland kontrollutval - Møteutskrift frå møte 19.04.2018
22/2018.2	Stans deporteringen til Afghanistan - Uttalelse fra kommunestyret
22/2018.3	Årsmelding 2017 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Kommunestyret - 22/2018

#### KS - behandling:

#### KS - samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild		18/937

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
23/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Orientering om status Alver kommune

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

#### Kommunestyret - 23/2018

#### KS - behandling:

Programansvarleg Ørjan Raknes Fortun gav ei orientering i starten av møtet.

#### KS - samrøststes vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 210	18/1008

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
33/2018	Formannskapet	PS	25.04.2018
24/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Økonomisk rapportering mars 2018 med budsjettendring

### Vedlegg:

Vedlegg 1 - Driftsrapport mars 2018

Vedlegg 2 - Investeringsrapport mars 2018

Vedlegg 3 - Framlegg til budsjettendring investering april 2018

Budsjettendr. investeringar etter vedtak sak FS 33-2018

### Saksopplysningar:

Vedlegg 1 viser budsjettstatus drift per mars 2018, vedlegg 2 viser status investeringar per mars 2018 og vedlegg 3 er oppsummering av investeringsbudsjett med framlegg til endringar.

### Status Drift:

Per 31.03.2018 viser driftsrapporten at vi reknar med å få avvik i forhold til budsjett totalt for 2018 på fleire tenesteområde. Som rådmannen orienterte om på førre formannskapsmøte får vi ein reduksjon i skatt og rammetilskot som følgje av at lågare folketal 1. januar 2018 enn budsjettert og lågare kompensasjonen for redusert basistilskot enn rekna med, til saman reduserte inntekter på kr 2,3 mill. Utbytte frå BKK vert om lag kr 1,0 mill. høgare enn budsjettert.

Rådgjevartenesta får ein meirforbruk i forhold til budsjettert på om kr 550.000,- dersom kommunestyret aksepterer innleige av konsulentar til kommuneplanarbeidet som foreslått. Marihøna barnehage vert ikkje utvida med midlertidig påbygg slik det er budsjettet for i 2018, og budsjettert auke i driftskostnadane går ut, innsparing kr 950.000,-. Barnehagen reknar med auka kostnadar til knytt til ny pedagognorm med om lag kr 100.000,-, slik at netto innsparing i forhold til budsjett er venta å bli kr 850.000,-.

Kommunestyret vedtok i 2017 å løyve inntil kr 1,0 mil årleg til miljøarbeid i skulen. Rådmannen ynskjer å inkludere prosjektet i kommunen sitt ordinære driftsbudsjett, og kjem til å gjere framlegg om å auke driftsramma i 2018 til Meland Ungdomsskule som skal ha budsjettansvaret for dette prosjektet med kr 1,0 mill. Dette er difor lagt inn i prognosen. Innan barnevernet og på heimetenestene ventar vi meirforbruk med til saman kr 1,7 mill.

I sum viser økonomirapporten at vi reknar med mindreinntekter/meirforbruk på til saman kr 3,6 mill. i forhold til budsjettet for 2018. I det vedtekte budsjettet for 2018 er det lagt opp til overskot og avsetning til disposisjonsfond med kr 0,5 mill.



Prognosen viser at vi nå eit behov for å bruke kr 3,1 mill. av disposisjonsfondet. Sjå tabell nedanfor for oppsummering.

<b>Netto drift per 31.03.2018</b>	Rekn. Hiå.	Oppr. budsjett	Revidert budsjett	Progn. 2017	Progn. meirforbruk
Netto inntekter (Rammetilskot, skatt og andre finanspostar)	93 912	456 000	456 000	454 770	-1 230
Sum netto utgifter alle tenestoområda	-110 923	-455 500	-455 500	-457 900	-2 400
<b>Meir-/mindreforbruk (minus er meirforbruk)</b>	<b>-17 010</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>-3 130</b>	<b>-3 630</b>

### Spesielt om tilskot til dei private barnehagane:

Kommunestyret vedtok som del av budsjettvedtaket for 2018 følgjande i sak 117/2017:

«Kommunestyret vil komme tilbake til tilskotet til dei private barnehagane, seinast i samband med revidert budsjett.»

Rådmannen har i samband med gjennomgangen av økonomirapporteringa per mars 2018 vurdert tilskotsnivået til dei private barnehagane. Rådmannen finner ikkje rom for å tilrå endring i tilskotsnivået til barnehagane for 2018 i kommunen sin noverande økonomiske situasjon.

### Status Investering:

Investeringsrapporten i vedlegg 2 viser at det er påløpt kr 12,8 mill. av total investeringsbudsjett på kr 180,4 mill. (inkl. startlån). Rapporten viser at det ikkje så langt i år ikkje er meirforbruk på nokre av dei påbegynte prosjekta.

### Framlegg til budsjettendring investering:

Vedlegg 3 viser sum budsjett for investering i 2018 etter endring i sak KS 14/2018 på kr 180,4 mill. og framlegg til auke med kr 16,7 mill. til kr 197,1 mill.

### Oppsummering framlegg budsjettendr. april 2018

	Rev. budsj. inkl.mva	Endring april 18	Nytt rev. budsj. inkl.mva.
<i>Alle tal i heile 1000 kr og inkl. mva</i>			
IKT	4 750	0	4 750
Skule og barnehage	26 588	19 225	45 813
Helse, sosial og omsorg	33 080	0	33 080
Kyrkje, kultur og næring	17 375	0	17 375
Teknisk sektor	25 488	-2 538	22 950
<b>Sum ordinære driftmidlar:</b>	<b>107 280</b>	<b>16 687</b>	<b>123 967</b>
Andre kapitalutgifter:	9 650	0	9 650
<b>Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter</b>	<b>116 930</b>	<b>16 687</b>	<b>133 617</b>
Vassverk	47 440	0	47 440
Avlaup	16 045	0	16 045
<b>Sum VA-investeringar:</b>	<b>63 485</b>	<b>0</b>	<b>63 485</b>
<b>Sum alle investeringar:</b>	<b>180 415</b>	<b>16 687</b>	<b>197 102</b>
Lån Husbanken for vidareutlån	7 000	0	7 000
Mottekne avdrag startlån	1 600	0	1 600
Mva-refusjon	16 250	3 178	19 428
Bruk av disp.fond	3 450	0	3 450
Bruk av kapitalfond	2 600	0	2 600
Lån	149 515	13 509	163 024
<b>Sum finansiering alle driftsmidlar:</b>	<b>180 415</b>	<b>16 687</b>	<b>197 102</b>

Endring vert fremja på følgjande prosjekt:

<u>Prosjekt nr og namn</u>	<u>Budsjett</u>	<u>Endring</u>	<u>Nytt budsjett</u>
K00261 - Uteareal Sagstad skule: (framlegg til vedtak i eigen sak)	2.000'	+26.350'	28.350'
K00272 – Utviding Marihøna Barnehage	7.125'	-7.125'	0
K00789 – Ny Driftsstasjon	12.838'	-2.538'	10.300'

#### Status disposisjonsfond:

Basert på førebels rekneskap for 2017 og budsjettet for 2018 med framlegg til endringar kan ein oppsummere status for disposisjonsfondet slik:

<b>Verdi per 31.12.2017:</b>	<b>34 015</b>
Ikkje disponert mindreforbruk for 2017:	1 303
Budsjettert avsetning til disp.fondet i 2018:	500
Framlegg til budsjettendring drift:	- 3 130
Budsjettert i investeringsbudsjettet for 2018:	- 3 450
<b>Budsjettert verdi per 31.12.2018</b>	<b>29 238</b>
Disponert bruk i 2019 til miljøarbeid i skulen	- 1 000
<b>Rest til disposisjon</b>	<b>28 238</b>

Tabellen viser at disposisjonsfondet per 31.12.2017 i rekneskapen for 2017 (ikkje ferdig revidert) er på kr 34,1 mill. Av dette er kr 28,2 ikkje disponert i budsjettet for 2018 eller i andre vedtak frå kommunestyret.

#### Oppsummering av framlegg til budsjettendringar:

Det er delegert til rådmannen å fordele driftsmidlar til dei ulike tenesteområda. Kommunestyret skal gjere vedtak om dei overordna rammene, og rådmannen gjer difor framlegg om følgjande endringar i driftsbudsjettet for 2107:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 1.230.000,-.
2. Auke i utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 2.400.000,-
3. Avsetning til disposisjonsfond kr 500.000,- vert teke ut av budsjettet
4. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 3.130.000,-

Rådmannen gjer vidare framlegg om følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

5. Reduksjon prosjekt K00272 – Utviding Marihøna Barnehage kr 7.125.000,- til kr 0.
6. Reduksjon prosjekt K00789 – Ny Driftsstasjon med kr 2.537.500,- til kr 10.300.000,-
7. I tillegg kjem auke prosjekt K00261 – Uteareal Sagstad skule med kr 26.350.000,- (vedtak i eigen sak), slik at sum auke blir kr 16.687.500,-.

Endring i finansiering slik:

8. Auke i mva-refusjon kr 3.178.200,-
9. Auke i bruk av lån kr 13.509.300,-

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek økonomisk rapportering per mars til orientering.

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjettet for 2018:

Drift:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 1.230.000,-.
2. Auke i utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 2.400.000,-
3. Avsetning til disposisjonsfond kr 500.000,- vert teke ut av budsjettet
4. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 3.130.000,-

Investering:

5. Reduksjon prosjekt K00272 – Utviding Marihøna Barnehage kr 7.125.000,- til kr 0.
6. Reduksjon prosjekt K00789 – Ny Driftsstasjon med kr 2.537.500,- til kr 10.300.000,-
7. I tillegg kjem auke prosjekt K00 261 – Uteareal Sagstad skule med kr 26.350.000,- (vedtak i eigen sak)

Endring i finansiering av investeringar:

8. Auke i mva-refusjon kr 3.178.200,-
9. Auke i bruk av lån kr 13.509.300,-

## **Formannskapet - 33/2018**

**FS - behandling:**

**Alternativ framlegg til vedtak frå AP:**

Nytt pkt.

I tillegg kjem auke prosjekt 556 - restaurering av Meieribygget med kr 9.000.000,-.

**Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster for, (KrF, Frp, H).**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg nytt punkt frå AP fekk 3 røyster for, (2 AP, SP), og med ordførar si dobbelstemme vart dette framlegget vedteke.**

Pkt 8. og 9 i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart endra tilsvarande.

**FS – framlegg til vedtak (mot 3 røyster):**

Kommunestyret tek økonomisk rapportering per mars til orientering.

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjettet for 2018:

Drift:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 1.230.000,-.
2. Auke i utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 2.400.000,-
3. Avsetning til disposisjonsfond kr 500.000,- vert teke ut av budsjettet
4. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 3.130.000,-

Investering:

5. Reduksjon prosjekt K00272 – Utviding Marihøna Barnehage kr 7.125.000,- til kr 0.
6. Reduksjon prosjekt K00789 – Ny Driftsstasjon med kr 2.537.500,- til kr 10.300.000,-
7. I tillegg kjem auke prosjekt K00 261 – Uteareal Sagstad skule med kr 26.350.000,- (vedtak i eigen sak)
8. I tillegg kjem auke prosjekt 556 - restaurering av Meieribygget med kr 9.000.000,-

Endring i finansiering av investeringar:

9. Auke i mva-refusjon kr 4.978.200,-
10. Auke i bruk av lån 20.709.300,-

## **Kommunestyret - 24/2018**

### **KS - behandling:**

Endring pkt 7 i tråd med vedtak sak 26/18 - kr 18 000 000.

Pkt 9 og 10 i formannskapet sitt framlegg til vedtak vert justert tilsvarande.

### **Avrøysting:**

**Framlegget frå formannskapet med ovannemnde endring vart samrøystes vedteke.**

### **Nils Marton Aadland, H kom med følgjande protokolltilførsel:**

Meland Høgre ser trongen for å auke tilskotet til private barnehagar i år, og vil arbeide vidare med dette fram til handsaminga av revidert budsjett i juni.

### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret tek økonomisk rapportering per mars til orientering.

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjettet for 2018:

Drift:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 1.230.000,-.
2. Auke i utgiftsramma til tenestemråda delegert til rådmannen å fordele: kr 2.400.000,-
3. Avsetning til disposisjonsfond kr 500.000,- vert teke ut av budsjettet
4. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 3.130.000,-

Investering:

5. Reduksjon prosjekt K00272 – Utviding Marihøna Barnehage kr 7.125.000,- til kr 0.
6. Reduksjon prosjekt K00789 – Ny Driftsstasjon med kr 2.537.500,- til kr 10.300.000,-
7. I tillegg kjem auke prosjekt K00 261 – Uteareal Sagstad skule med kr 18.000.000,- (vedtak i eigen sak)
8. I tillegg kjem auke prosjekt 556 - restaurering av Meieribygget med kr 9.000.000,-

Endring i finansiering av investeringar:

9. Auke i mva-refusjon kr 3.467.500,-
10. Auke i bruk av lån 13.869.000,-

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - C57, FE - 202	18/1005

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
34/2018	Formannskapet	PS	25.04.2018
25/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Restaurering av meieriet - tilleggsfinansiering

### Vedlegg:

A3-500 Fasader

A3-101 Plan 1. etasje

A3-102 Plan 2. etasje

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I 2015/2016 vart det satt i gang arbeid med å utgreie rehabilitering av Holsnøy meieri som lokalt kulturbygg. Behovet for eit kultur- og ungdomsbygg er forankra i kommuneplanen og i Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv. Behovet for prosjektet er nærare skildra og konkretisert i ULK-sak 40/2015 og ULK-sak 04/2016, der det står følgjande: *Det er eit stort behov for eit ålment kulturbygg og møteplass for kommunen, med målgrupper i alle aldrar. Meieribygget er eigna til kulturføremål, som eit senter for kultur- og samfunnsliv i kommunen og eit supplement til tilboda frå eksisterande lag- og organisasjonar. Bygget kan vere ein motor for å tilby sosiale møteplassfunksjonar, kulturelle opplevingar og kunnskapsutveksling blant innbyggjarar og kulturaktørar i kommunen.*

Meieriet er planlagt med fleksibel bruk, og kommunen ønskjer å bruke bygget til mellom anna barne- og familiearrangement, tilskipingar over den kulturelle skulesekken og – spaserstokken, barnehagar, kulturskuleframsyningar, tilbod til eldre, ungdomsarrangement, eigne konsert- og kulturseriar, samlingar og møte. Frivillige aktørar og andre kulturaktørar vil kunne nytte bygget mellom anna til møte, foredrag, øvingar, opptak, konsertar, kafédriфт, marknadsdagar, ungdomsarrangement, utstillingar, dans, teater og revy, filmklubb eller spelsamlingar.

Framdriftsplan for prosjektet er fremma i KS-sak 28/2016, og finansiering er vedteke i KS-sak 117/2017 (budsjettvedtak for 2018). Det vart satt av 6,575 mill kr inkl. mva i 2018, jf siste budsjettendring i KS-sak 14/2018. I same sak vart det meldt om at Rådmannen ville fremme ei eiga sak om finansiering av meieriet og ombygging til kulturformål. Bakgrunnen er at nye kalkyler som er laga i samband med deltaljprosjektering av prosjektet tyder på ein større kostnad enn det som ligg til grunn for budsjettvedtaket.

### **Vurdering:**

Vinteren 2017/2018 har rehabilitering av meieriet blitt detaljprosjektert, og arbeidsgruppa har fått meir kunnskap om kva som må til for å rehabilitere bygget enn kva ein tidlegare kjente til.

Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå kultur og teknisk som har knytt til seg konsulentar innanfor ulike fagfelt som bygg, akustikk, lyd og landskap. I tidlegare kalkyler, som vart laga til før detaljprosjekteringa, vart det brukt erfaringstal frå byggefakta på kva det ville koste å rehabilitere eit bygg av meieriet sin storleik.

Detaljprosjekteringa har vist at det må gjerast ein meir omfattande rehabilitering og endring av eksisterande bygg enn først antatt for å få eit tenleg kulturbygg og ungdomsklubb. I utgangspunktet var det ei overflatebehandling og oppgradering av dei tekniske anlegga som låg inne i kalkyla. Gjennom detaljprosjekteringa har det vist seg at ei slik enkel rehabilitering av bygget ikkje vil vere tilstrekkeleg til å få eit bygg i tråd med prosjektet som er fremma og vedteke i ULK-sak 04/2016.

Den største endringa er at taket bør hevast for å få tenlege lokale for ungdomsklubben i 2. etasje. Det har også vist seg nødvendig å få etablert eit tilbygg for å få plass til nødvendig bakareal for godkjent kjøkken, samt garderobe- og inngangsparti. Sistnemnde vil optimalisere driftssituasjonen til bygget ved ulike arrangement og veksling mellom desse. Kjøkkenet er tilpassa grunnleggjande matproduksjon for vidaresal, bruk av organisasjonar ved arrangement, samt pop-up-drift til dømes i regi av flyktningar. Desse tilhøva har ikkje latt seg løyse innanfor eksisterande bygningsmasse. Det må gjerast akustiske og lydisolerande tiltak for å sikre tilfredsstillande akustikk, samt oppfylle krav til demping av lyd til omliggande bustadar. Akustiske tiltak vil òg vere viktig ved kafédrift, arrangement for eldre og møteverksemd.

Det er også nødvendig å investere i ein del utstyr innan sceneteknikk. Dette inkluderer mellom anna tenleg og tilpassa lydanlegg, basis lysopplegg, AV-installasjonar til filmframsyning og møte, musikkbackline og infrastruktur. Dei store kostnadane ligg i takrigg, ymse forheng, sceneelement og ikkje minst høgtalarflate/miksar. Det er lagt opp til at utstyret ligg akkurat innanfor ein profesjonell grense, under dette vil bruken av bygget endre seg, der aktørar innan ulike kulturfag ikkje vil godkjenne anlegget ved mange høve. Det vil i tilfelle oppstå eit behov for ressurskrevjande innleige av utstyr til einskilde arrangement. Utan slik kulturteknisk infrastruktur vil kommunen, amatørkulturen og frivillige aktørar møte utfordringar ved å skulle halde arrangement, og avvikle ulike hendingar med låg terskel for initiativ og tilskipping. Profesjonell og fleksibel infrastruktur slik det er prosjektert gir ein føreseieleg drift, der brukarar kan dra nytte av kulturteknisk anlegg utan at det førar til omfattande slitasje og større behov for opplæring.

Utan ein viss profesjonell sceneteknikk vil ikkje Meieriet kunne levere slik det er lagd opp til i forarbeidet. Dette forarbeidet legg opp til eit aktivitetshus, eller samfunnshus pluss, som plasserer seg funksjonsmessig over lokale organisasjonsdrivne samfunnshus, men godt under større regionale kulturhus. Tillegget som skiljer aktivitetshuset frå det tradisjonelle samfunnshuset er for Meieriet sin del det faste kommunale eigarskapet i samhandling med frivillig sektor, samt samanhangen mellom fleksibel og tilrettelagd fleirbrukssal, kjøkken, ungdomsklubb og kulturteknisk infrastruktur. Behovet for Meieriet til samfunnsbygging, som møteplass og kulturbygg er analysert ut frå at ein oppfyller desse funksjonane. Det er ikkje analysert behova for eit reint samfunnshus med avgrensa kulturinfrastruktur, anna enn overordna. Ved eit slikt høve vil ein kunne komme i konkurransesituasjon med eksisterande organisasjonsdrivne tilbod, som ikkje er å tilrå. Kompetanseutvekslinga og den totale auka av omfang og ikkje minst bredda i aktivitet og deltaking som forarbeidet legg opp til vil falle bort.

Opparbeiding av utomhusarealet har kome inn som eit moment noko seinare i prosessen, og har difor heller ikkje vore ein del av den opphavelige kalkyla. For at meieriet skal fungere som eit levande kulturbygg og samlingsplass vil det vere heilt vesentleg å legge til rette for at uteområde også kan nyttast til aktivitet. Dette er også eit ledd i å skape eit meir tilgjengeleg og levande sentrumsområde på Frekhaug.

#### Tilskot

Det er venta at kommunen får ein del tilskot til både utstyr, bygg og utomhusareal frå ulike tilskotordningar. Kommunen kjem til å søke om tilskot i storleiken 5-6 mill. Ein vurderer at det kan vere realistisk å få ca. 2 mill kr.

#### Moglege alternativ

Eit alternativ kan vere å rive meieriet og bygge eit heilt nytt bygg. Ettersom rehabiliteringa vil vere mykje meir omfattande enn først antatt er prisen no samanliknbar med eit nybygg. Samtidig er mykje av tilskota forankra i bruk av gamle industriminne til kulturformål, og eit evt. nytt bygg vil gjere det mykje meir utfordrande å få tilskot. Bygget ligg også i eit område som har vernestatus i kommuneplanen. Dersom ein vel å rive bygget og bygge nytt vil det gi ein utfordrande presedens i høve til andre omsynsoner og generell bevaring av kulturminne. Bygget har ein sterk lokal identitet som industriminne, og den tradisjonen og historia bygget symboliserer og uttrykker vil vanskeleg la seg gjenskape i eit heilt nytt bygg.

#### Kalkyle

Under er ny kalkyle for rehabilitering av meieriet. Ramma tek no høgde for alle momenta som har dukka opp i detaljprosjekteringa, og vil sikre eit fleksibelt kulturbygg med låg terskel for bruk.

	<b>Estimert kostnad</b>
Forprosjekt	500 000
Rehabilitering bygg (30 000 kr pr m2)	9 825 061
Sceneteknikk, akustikk og lydisolasjon	2 525 000
Møbler/inventar	500 000
Utomhusanlegg	2 000 000
Sum eks mva	15 350 061
Estimert tilskot	-2 000 000
<b>Sum eks mva</b>	<b>13 350 061</b>
Usikkerheit og uforutsett 20 %	2 670 012
<b>Sum eks mva</b>	<b>16 020 073</b>
Mva 25 %	4 005 018
Sum inkl mva	20 025 092
Byggelånsrenter	230 000
Administrasjonskostnader	315 000
<b>Total kalkyle inkl. mva</b>	<b>20 570 092</b>

Rådmannen vil ikkje anbefale å trekke ut eller ned på nokre av postane for å spare pengar på prosjektet. Dersom ein først skal rehabiliterer meieriet er det viktig at bygget blir tilrettelagt for mest mogleg bruk og aktivitet. Eventuell reduksjon av sceneteknikk og akustiske tiltak er utfordrande då terskelen for å få ønska bruk av bygget blir mykje høgare. Leige av utstyr til arrangementa må administrerast og handterast i driftsbudsjettet. I praksis vil dette avgrense bruken og belaste eit avgrensa driftsbudsjett betrakteleg.

Folkehelse – Gode ungdoms- og kulturtilbod er viktig for folkehelsa  
Miljø – Ikkje relevant  
Økonomi – Går fram av saka

### **Konklusjon**

For å få gjennomført ambisjonane kommunen har om å legge til rette for betre oppvekstvilkår og kulturtilbod i kommunen er det heilt nødvendig å ha eigne lokale for aktivitet. Meland står overfor ei stor auke ungdomskull i tida framover grunna stor innflytting av unge barnefamiljar dei seinare åra. Mangel på gode tilbod og møteplassar for dei unge kan føre til utfordringar i ungdomsmiljøet. Kommuneplanen legg opp til satsing for å legge til rette for møteplassar for ungdom. Ung Meland er i første rekkje eit initiativ for å auke aktivitet og tilbod for unge i Meland. Vidare er Ung Meland ein base for samarbeid om auka aktivitet for ungdom i heile kommunen, og som fokuserer på å skape inkludering, mestring og kvalifisering. Aktivitetane går føre over heile Meland, med faste utgangspunkt på Frekhaug onsdagar og fredagar. Dette vil vidareførast, utvidast og styrkast ved Meieriprojektet, der ungdom vil ha fast reservert tilhald i 2. etasje, og faste brukardagar for heile bygget. Ung Meland står utan eige lokale etter 2018.

Meland kommune har eit stort behov for eit kulturbygg. Meieriet vil for kommunen vere eit verktøy for å aktivt kunne leggje til rette for kultur- og samfunnsbygging, fremjing av stadidentitet, vidareutvikling av organisasjons- og kulturliv, inkludering, kvalifisering og alternative arenaar for mestring og deltaking. Dette er ein avgjerande faktor for å kunne trygge gode bu- og oppvekstmiljø i Meland for framtida. Meieriet har ein tydeleg identitet, og prosjektet dreg stadkjensle og historie inn i ein ny samanheng med nye brukarar i alle aldersgrupper.

Rådmannen rår til at det vert satt av 14 mill kr inkl mva i tillegg til allereie budsjettert beløp på 6,575 mill kr inkl mva for å rehabiliterer meieriet. Samla vert prosjektbudsjetten kr 20,575 mill. Det er estimert at det er behov for 15,575 mill kr inkl. mva i 2018 og 5 mill kr inkl mva i 2019. Dette inneberer ei auke av budsjettet for 2018 på 9 mill kr inkl mva.

Saka bør inngå i den samla vurderinga av prioriteringane i økonomiplanen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret utsett finansiering av prosjektet til rullering av økonomiplanen i juni 2018. Utsettinga kan sikre ei prioritering mellom dei ulike investeringsprosjekta, men vil seinke framdrifta på meieriprojektet. Dette kan også knytast til endra føresetnader for finansiering og utgiftsføring av investeringsprosjekt.

### **Alternativt vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 556 Restaurering av meieribygget med tilsaman kr 15,575 mill inkl. mva i 2018. Resterande budsjettsum på kr 5 mill inkl mva må leggjast inn i budsjettet for 2019.»

## **Formannskapet - 34/2018**

### **FS - behandling:**

#### **Arbeiderpartiet fremja Alternativ framlegg til vedtak frå rådmannen:**

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 556 Restaurering av meieribygget med tilsaman kr 15,575 mill inkl. mva i 2018. Resterande budsjettsum på kr 5 mill inkl mva må leggjast inn i budsjettet for 2019.



**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 3 røyster for, (KrF, H, FrP).**

**Alternativt framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 3 røyster for (2 AP, 1 SP), og med ordførar si dobbelstemme vart dette framlegget vedteke.**

**FS – framlegg til vedtak (mot 3 røyster):**

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 556 Restaurering av meieribygget med tilsaman kr 15,575 mill inkl. mva i 2018. Resterande budsjettsum på kr 5 mill inkl mva må leggjast inn i budsjettet for 2019.

**Kommunestyret - 25/2018**

**KS - behandling:**

Leiar kultur Eirik Utne presenterte planane for Meiriet på Frekhaug.

**Marit Jøssang, KrF med støtte frå Nils Marton Aadland, H fremja rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret utsett finansiering av prosjektet til rullering av økonomiplanen i juni 2018. Utsettinga kan sikre ei prioritering mellom dei ulike investeringsprosjekta, men vil seinke framdrifta på meieriprojektet. Dette kan også knytast til endra føresetnader for finansiering og utgiftsføring av investeringsprosjekt.

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 15 røyster for, (7 AP, 3 SP, 2 FrP, 2 MDG, 1 BF), 10 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Utsetjingsframlegget frå rådmannen fekk 10 røyster for, (5 H, 3 KrF, 1 FrP, 1 Uavh), 15 røyster mot, og fall.**

**KS - vedtak (mot 10 røyster):**

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 556 Restaurering av meieribygget med tilsaman kr 15,575 mill inkl. mva i 2018. Resterande budsjettsum på kr 5 mill inkl mva må leggjast inn i budsjettet for 2019.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - L31, TI - &18	18/224

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2018	Formannskapet	PS	25.04.2018
26/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Uteområde Sagstad skule - Gjennomføring og finansiering

### Vedlegg:

Forprosjekt - Uteområde Sagstad skule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Med den siste utbygginga har Sagstad skule no kapasitet til 475 elevar. Elevtalet er i dag 417. Elevane har fått god plass innandørs, men utviding av uteområde står att. I økonomiplan investering 2018-2021 er det satt av midler til kjøp av areal og planlegging. Vidare står det følgjande om prosjektet:

#### *261 - Uteareal Sagstad skule*

*Kjøp og prosjektering av meir uteareal på Sagstad skule. Vurdering av riving av symjehall. Utføring av prosjektet ligg ikkje inne i kalkyla. Kommunen er i forhandling med grunneigarar om kjøp av areal til meir uteareal. Når dette er avklart vil utforming av utearealet bli prosjektert. Før ein eventuell riving av symjehallen må det bli utarbeidd ein miljøkartleggingsrapport som spesifiserer omfanget av rivinga. Det er planlagt ein eigen sak i 2018 om opparbeiding av utearealet, riving av symjehallen og kostnadskalkyle på utføring av arbeidet. Dette er ikkje kalkulert no grunna for stor usikkerheit i omfanget på prosjektet. Som eit utgangspunkt vil ein anta at berre rivinga av symjehallen vil ha ein kostnad på mellom 1 og 2 mill. kr.*

Denne saka omhandlar gjennomføring av uteområdet, vurdering av riving av symjehall og finansiering av prosjektet, jf. omtalen i økonomiplanen i utdraget over.

### Vurdering

Norm for uteområde på skuler

På ein skule med 300 elevar er norm for uteareal på 15 da. Dette tilsvarer 50 m2 uteareal per elev. Dersom skulen er større skal det i tillegg vere 25 m2 ekstra uteareal per elev. For ein skule med 475 elevar inneber dette eit total uteareal på 19,5 da. Slik situasjonen er i dag nyttar skulen eit uteareal på om lag 6,5 da. Dette tilsvarar berre 15,6 m2 per elev. Uteområdet er i dag så lite at miljøretta helsevern har varsla munnleg at skulen ikkje kan rekne med å bli godkjent etter lov om miljøretta helsevern i skule og barnehager før nytt uteområde er ferdig opparbeidd.

### Forprosjekt – Uteareal Sagstad skule

Kommunen har no inngått avtale med alle grunneigarane om kjøp av areal. Erstatning skal avgjerast ved skjønn av tingretten hausten 2018. Kommunen har etter at kjøp av areal vart avklart, engasjert Smedsvig landskapsarkitekter gjennom anbodskonkurranse til å lage forprosjekt for uteområde. I januar 2018 vart det satt ned ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå skulen, FAU og teknisk som saman med landskapsarkitektane har jobba med forprosjektet. Forprosjektet ligg som vedlegg til saka.

Utforming av uteområde har teke utgangspunkt i innspel frå skulen og FAU, og er tilpassa dei topografiske forholda og avstanden til skulebygget. Samla sett vil det nye uteområde til skulen gje 19,5 da totalt utelekeområde for skulen. Dette vil tilfredsstille normkrava til uteområde for 475 elevar.

Forprosjektet legg opp til at areala nærast skulebygget vil bli mest opparbeidd med leikeapparat og tilrettelagt for ballspel, medan areala lenger unna i stor grad vil vere naturleikeplass med gangstiar. Det har vore viktig å sjå heile uteområdet samla – både nytt og eksisterande, for å få gode løysingar som dekker elevane sitt behov for allsidig leik og god tilgjenge for alle. Eksisterande skuleplass og leikeapparata der ber preg av stor slitasje grunna intensiv bruk og alder. Forprosjektet inneber også ei vesentleg oppgradering av eksisterande uteområde nærast skulebygget.

Forprosjektet viser også at det er mogleg å opparbeide ein ny parkeringsplass mellom skuleplassen og fylkesvegen. Dette er foreløpig kun eit forslag, og det må gjerast ytterlegare arbeid med å vurdere trafikksituasjonen og tilpasse ei løysing til statens vegvesen sitt pågåande planarbeid for fylkesvegen.

### Transformasjon av den gamle symjehallen

Arbeidsgruppa har også vurdert bruk av den gamle symjehallen. Det har tidlegare vore vurdert om symjehallen skal rivast ettersom den ikkje lenger vert nytta symjehall, men kun som lager. Bygget har stått til nedfall og har vore utsett for hærverk, spesielt på baksida mot gangvegen.

I forprosjektet har arbeidsgruppa kome fram til at bygget har eit stort potensiale som arena for fysisk aktivitet. Ved relativt enkle og rimelege grep kan bygget utstyrast med klatrevegg, skaterampe, turnmatte, bordtennisbord ol. Bygget kan på denne måten supplere uteområde til skulen med eit innandørs areal for fysisk aktivitet som kan nyttast i friminutta og for SFO. Dette vil vere spesielt verdifullt i vinterhalvåret når veret ofte kan vere ein avgrensande faktor for utandørs leik, spesielt for dei eldre elevane. Bygningen kan også vere eit tilbod for andre i helger og på ettermiddager. Organsiering av bruk i skuletida vil vere opp til skulen. Arbeidsgruppa meiner at det vil gje ein mykje større verdi for skulen å bygge om symjehallen til bygg for fysisk aktivitet enn å rive det. Bygget er også relativt kostbart å rive, og kostnadene ved ombygging og riving er begge estimert til å ligge på rundt 1 mill kr eks mva kvar.

### Gjennomføring

Ettersom skulen skal vere i drift samtidig med opparbeiding av nytt areal, må opparbeidinga gjennomførast i faser og i nær dialog med skulen. I utgangspunktet er det ønskeleg å starte arbeidet sumaren 2018, og det er venta at prosjektet vil pågå til årsskiftet 2018/2019.

### Kalkyle

I 2018 er det satt av 2 mill eks mva. til planlegging og kjøp av areal. Kostnader ved opparbeiding av areal er ikkje teke med, og prosjektet må difor no fullfinansierast for å sikre gjennomføring.

Det er laga ein kalkyle for prosjektet som inkluderer heile forprosjektet inkludert transformasjon av symjehallen til bygg for fysisk aktivitet. Kostnader ved opparbeiding av parkering er ikkje inkludert.

Årsaka er at utforming og nærare vurderingar av trafikksikring og avkøyringssituasjon enno ikkje er avklart, og at forprosjektet kun inneheldt eit forslag som må vurderast nærare.

I kalkyla på neste side er «arbeider og prosjektering» alt som må gjerast på ny og eksisterande skuleplass for å sikre ein god og heilskapeleg standard. Dette inkluderer også handtering av overvatn og belysning av områda. Under er det lagt til ein stor uforutsett post. Årsaka er at arbeida består i vesentleg grad av grunnarbeid. Grunnarbeid er svært vanskeleg å kalkulere og vil vere kommunen sin risiko. Samtidig kan det vise seg at grunnen ikkje gjev meirkostnader og at prosjektet kan gjennomførast utan å bruke av ramma som er anbefalt satt av til uforutsett.

I tillegg kjem kommunen sine eige administrasjonskostnader og byggelånsrenter i byggetida.

<b>Kalkyle inkl mva</b>	
Arbeider og prosjektering	kr 16 354 345
Usikkerhet og uforutsett 25%	kr 4 088 586
Sum	kr 20 442 931
Mva 25 %	kr 5 110 733
Sum inkl mva	kr 25 553 663
Administrasjonskostnader	kr 500 000
Byggelånsrente 2,5%	kr 300 000
<b>Total kalkyle inkl mva</b>	<b>kr 26 353 663</b>

### Konklusjon

Slik situasjonen er i dag har Sagstad skule ein svært liten og slitt skuleplass. Skulen er den største i Meland, men har det minste utearealet av alle skulane. Gode uteareal reduserer omfanget av vold, mobbing og uro blant elevene og stimulerar til trivsel, motivasjon og læring. For å sikre at både eksisterande og nytt uteområde får ein god utforming som gjev rom for allsidig leik og universell utforming anbefaler Rådmannen at det vert satt av kr 26,35 mill inkl mva på investeringsbudsjettet til prosjekt 261 Uteareal Sagstad skule. I tillegg kjem allereie vedteke budsjett på kr 2 mill. Tilsaman kr 28,35 mill inkl mva.

Folkehelse – Gode uteområde for skular er viktig for å stimulere til fysisk aktivitet. Transformasjon av symjehallen til arena for fysisk aktivitet vil vere eit svært godt folkehelsetiltak.

Miljø – Ikkje relevant

Økonomi – Går fram av saka

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at prosjekt 261 Uteareal Sagstad skule vert fullfinansiert for detaljprosjektering og gjennomføring med kr 28,35 mill kr inkl mva i 2018.»

## **Formannskapet - 35/2018**

### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:**

Kommunestyret meiner at prosjekt 261 - Uteareal Sagstad skule må gjennomførast med ei lågare kostnadsramme enn det som er lagt fram.

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for, (2 AP, H, FrP, SP), 1 røyst mot, og er såleis vedteke.**

**Framlegget frå Marit Jøssang fekk 1 røyst for, (KrF), 5 røyster mot, og fall.**

#### **FS – framlegg til vedtak (mot 1 røyst):**

Kommunestyret godkjenner at prosjekt 261 Uteareal Sagstad skule vert fullfinansiert for detaljprosjektering og gjennomføring med kr 28,35 mill kr inkl mva i 2018.

## **Kommunestyret - 26/2018**

### **KS - behandling:**

Korrigert oversikt over kostnader og plan over området vart delt ut i møtet.

#### **Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:**

Kommunestyret set eit tak på kr 20 mill inkl. mva på prosjekt 261 Uteområde Sagstad skule.

Administrasjonen kan starte opp arbeidet umiddelbart.

Administrasjonen kan kome attende med oppdatert sak dersom ein ynskjer ramma vurdert på nytt.

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 25 røyster mot, og fall.**

**Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret set eit tak på kr 20 mill inkl. mva på prosjekt 261 Uteområde Sagstad skule.

Administrasjonen kan starte opp arbeidet umiddelbart.

Administrasjonen kan kome attende med oppdatert sak dersom ein ynskjer ramma vurdert på nytt.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FE - 040, FE - 217	17/2406

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
27/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Forvaltningsrevisjonsrapport Meland kommune - Vedtaksoppfølging

### Vedlegg:

Særutskrift frå møte i kontrollutvalet 19.04.18, sak 15/18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Vedtaksoppfølging  
Endeleg rapport 26.03.2018 - Forvaltningsrevisjon -Vedtaksoppfølging Meland kommune  
Kommentarar til revisjonsrapport "Vedtaksoppfølging"

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sjå saksutgreiing frå møte i Kontrollutvalet 19.04.18.

### Framlegg til vedtak frå Kontrollutvalet:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.  
Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit prosjekt i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.  
Prosjektet sitt overordna mål er å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.  
Innan 1. oktober 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

### Kommunestyret - 27/2018

#### KS - behandling:

#### KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.  
Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit prosjekt i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.  
Prosjektet sitt overordna mål er å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.  
Innan 1. oktober 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	18/999

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
36/2018	Formannskapet	PS	25.04.2018
28/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Spelemidler til lokale kulturbygg - desentralisert ordning 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen må prioritere søknadar og prosjekt til spelemidler/tilskot til lokale kulturbygg – desentralisert ordning, på lik line som ved andre spelemidler og rulleringa av handlingsdelen til *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*. Tidlegare tilskotsmottakarar i Meland er mellom anna UL Von og UL Framsteg. Det ligg føre eitt tilskotsberettiga prosjekt og søknad i Meland for 2018 – Meieribygget på Frekhaug, søkjar er Meland kommune.

#### Vurdering

Grunnlaget for søknad om tilskot til Meieriet er greidd ut i ULK-04/2016, med framdriftsplan i KS-28/2016 og finansiering i KS-117/2017. Detaljar for prosjektering er greidd ut i eiga sak om oppdatert finansiering av Meieriet. Søknadens endelege finansieringsplan er avhengig av eventuell godkjenning av oppdatert finansiering for meieriprojektet.

#### Folkehelse

Prosjektet vil vere svært positivt for folkehelsa

#### Miljø

Saka har ikkje påverknad på miljøet

#### Økonomi

Eit tilskot vil gå inn som del av finansiering av Meieriet.

#### Konklusjon

Det ligg føre eitt tilskotsberettiga prosjekt og søknad til spelemidler/tilskot til lokale kulturbygg, ved Meieriet på Frekhaug, søkjar er Meland kommune. Kommunen må prioritere søknadar til ordninga.

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir prioritet 1 til søknad til Meieribygget på Frekhaug, gjeldande ordninga om spelemidler til lokale kulturbygg, desentralisert ordning for 2018

## **Formannskapet - 36/2018**

**FS - behandling:**

### **Avrøysting:**

**Framlegget frå rådmannen fekk 5 røyster for, (2 AP, H, SP, KrF), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.**

### **FS – framlegg til vedtak (mot 1 røyst):**

Kommunestyret gir prioritet 1 til søknad til Meieribygget på Frekhaug, gjeldande ordninga om spelemidlar til lokale kulturbygg, desentralisert ordning for 2018

## **Kommunestyret - 28/2018**

**KS - behandling:**

### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret gir prioritet 1 til søknad til Meieribygget på Frekhaug, gjeldande ordninga om spelemidlar til lokale kulturbygg, desentralisert ordning for 2018



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - N64, FE - 233	18/725

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2018

### Vedlegg:

Innspel breiband 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har på ny høve til å søkje om tilskot til breibandsutbygging frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Hordaland fylkeskommune allereie no har fått tildelt ei ramme på 8,3 mill kroner, under føresetnad av at det kjem inn gode nok søknader. Det kan søkjast om tilskot til breiband i område som har dårlegare dekning enn 10 Mbit/s, område som har dårlegare dekning enn 30 Mbit/s, eller ein kombinasjon av desse to områda. Søknadsfristen er 18. mai 2018.

#### Vurdering

Kommunar som planlegg å søkje om breibandstilskot skal offentleggjere det geografiske området den planlagte utbygginga gjeld. Interesserte parter skal få høve til å gje innspel til kommunen før søknaden vert levert.


Meland kommune lyste 20.03.2018 ut høyring om utbygging av breibandsnettet på heimesidene til kommunen. Følgjande område vart føreslått prioritert av administrasjonen.

1. Landsvik-Kårbø-Husebø-Sætre-Skjelanger
2. Gaustad-Ådland
3. lo
4. Myrtveit-Håtuft-Hestdal-Hestnes-Grasdalen-Espetveit

Bakgrunnen for å foreslå desse områda var at det ved førre søknadrunde i 2017 vart søkt om tilskot til desse områda jf. UDU-sak 37/2017, men kommunen fekk ikkje innvilga søknaden.

#### Innspel

Frist for innspel var 16. april, og innan fristen har det kome inn 27 innspel til kommunen. Oversikt over innspel ligg som vedlegg til saka. Kartet under viser områda det har kome innspel om.



Innpela omfattar 10 område:

1. Landsvik-Kårbø-Husebø-Sætre-Skjelanger
2. Gaustad-Ådland
3. Iø
4. Myrtveit-Håtuft-Hestdal-Hestnes-Grasdal-Espetveit
5. Fosse
6. Eikeland
7. Erstad-Meland-Bjørnestad
8. Dale
9. Dalstø

Dei fire første områda vart omsøkt i fjor. Resterande område har ikkje tidlegare vore søkt om midlar til utbygging for.

Fosse har tidlegare ikkje blitt søkt om midlar til grunna at kommersielle tilbydarar har vurdert område for kommersiell utbygging. I år har kommunen fått melding om at ingen tilbydare no vurderar å bygge ut område kommersielt grunna for høg kostnad.

Som eit utgangspunkt vil det vere ønskeleg å søke om tilskot til utbygging av flest mogeleg område. Samtidig vil ein måtte ta omsyn til at nokre område vil ha ein svært høg utbyggingskostnad grunna lange avstander mellom hus og infrastruktur. I tidlegare søknadsrunder har kostnadseffektivitet vore eit sentralt kriterie i Nkom si vurdering av søknadene. Dette ser ut til å vere noko tona noko ned i år, medan det ser ut til å vere lagt større vekt på at områda med dårlegast dekning skal byggjast ut.

I følgje dekningskarta kommunen har fått tilgang til er det dårlegast dekning nord for Eldsfjellet, i område frå Grasdalen til Håtuft/Gripen/Myrvollane, på delar av Ådland og på delar av Fosse.

Dei andre områda kommunen har fått innspel om har noko betre dekning, men dei aller fleste har under 30 Mbit/s og oppfyller dermed kriteriet om låg nok fart. Unntaka er Erstad, det meste av Ryland syd-Fløksand og det meste av Dale som i følgje dekningskarta har meir enn 30 Mbit/s fart. Kommunen kan berre søke om tilskot til område som har lågare fart enn 30 Mbit/s, og det er difor uklart om desse områda vil vere kvalifiserte. Dersom områda skal prioriterast må dette vurderast nærare i søknadsprosessen.

Rådmannen held på å utarbeide kostnadsoverslag for utbygging av områda, men overslaga er ikkje klare. Dersom det skulle vise seg at områda samla sett vil trenge meir tilskot enn ramma Hordaland fylkeskommune har fått, dvs. maksimal tilskotssum, vil det vere nødvendig å gjere prioritering av område. Rådmannen vil foreslå å prioritere områda med lågast fart i dag.

#### Lokal medfinansiering

Tidlegare har lokale bidrag frå kommunen eller private aktørar telt positivt i søknadene, men no har det kome inn eit vilkår om at søknadene samla sett skal ha ei samla lokal medfinansiering på minimum 25 %.

I kommunestyre sak 40/2017 vart det vedteke at kommunestyre ønska å bruke av disposisjonsfondet til medfinansiering til breibandsutbygging i kommunen. Dette vart fylgt opp i kommunestyrevedtak 117/2017 der det vart vedtatt følgjande: *Kommunestyret viser til vedtak i sak 40/2017, der det vart vedtatt å gi kommunalt anleggsbidrag til utbygging av fiber, breiband og mobil. Vi ber om at bruk av kommunale midlar blir lagt inn i t.d. søknad om Nkom-midlar. Kommunestyret vil komme tilbake til storleiken på eit slikt bidrag.*

Budsjetta for 2018 og 2019 er utfordrande for Meland kommune. Kommunen har ikkje avsett driftsmargin, i tråd med TBU's anbefaling (1,75%) i 2018 og 2019. Både for 2017 og i 2018 vil det vere nødvendig å bruke av disposisjonsfondet for å balansere drifta. Drift i ubalanse kan synast å halde fram i 2019, og vil vere krevjande å endre. Disposisjonsfondet er også rekna med, når vi vurderer kva nye prosjekt vi kan ta del i, inn i Alver kommune. På bakgrunn av desse momenta vil Rådmannen legge fram to alternative vedtak, eit med bruk av disposisjonsfondet og eit utan bruk av disposisjonsfondet.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – betre tilgang til digitale løysingar er poitivt for miljøet

Økonomi – går fram av saka

#### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyre godkjenner at Meland kommune søkjar om tilskot til utbygging av breiband for følgjande område: Landsvik-Kårbø-Husebø-Sætre-Skjelanger, Gaustad-Ådland, Io, Myrtveit-Håtuft-Hestdal-Hestnes-Grasdalen-Espetveit, Fosse, Eikeland, Meland-Bjørnstad og Dalstø. Dale, Ryland syd-Fløksand og Erstad vert omsøkt dersom det viser seg at dei har låg nok fart til å bli kvalifisert til søknadsordninga. Dersom det skulle vise seg at søknadssummen overstig ramma Hordaland fylkeskommune har fått tildelt skal områda med lågast fart i dag bli prioritert. Søknaden vert sendt utan kommunal medfinansiering frå disposisjonsfondet.

Alternativt vedtak:

«Kommunestyre godkjenner at Meland kommune søker om tilskot til utbygging av breiband for følgjande område: Landsvik-Kårbø-Husebø-Sætre-Skjelanger, Gaustad-Ådland, Io, Myrtveit-Håtuft-Hestdal-Hestnes-Grasdalen-Espetveit, Fosse, Eikeland, Meland-Bjørnstad og Dalstø. Dale, Ryland syd-Fløksand og Erstad vert omsøkt dersom det viser seg at dei har låg nok fart til å bli kvalifisert til søknadsordninga. Dersom det skulle vise seg at søknadssummen overstig ramma Hordaland fylkeskommune har fått tildelt skal områda med lågast fart i dag bli prioritert. Kommunen bevilger inntil kr 2 mill frå disposisjonsfondet til kommunal medfinansiering for å oppnå vilkåret om 25 % lokal medfinansiering.»

### **Kommunestyret - 29/2018**

**KS - behandling:**

**Rådmannen sitt alternative framlegg til vedtak vart fremma i møtet:**

Kommunestyre godkjenner at Meland kommune søker om tilskot til utbygging av breiband for følgjande område: Landsvik-Kårbø-Husebø-Sætre-Skjelanger, Gaustad-Ådland, Io, Myrtveit-Håtuft-Hestdal-Hestnes-Grasdalen-Espetveit, Fosse, Eikeland, Meland-Bjørnstad og Dalstø. Dale, Ryland syd-Fløksand og Erstad vert omsøkt dersom det viser seg at dei har låg nok fart til å bli kvalifisert til søknadsordninga. Dersom det skulle vise seg at søknadssummen overstig ramma Hordaland fylkeskommune har fått tildelt skal områda med lågast fart i dag bli prioritert. Kommunen bevilger inntil kr 2 mill frå disposisjonsfondet til kommunal medfinansiering for å oppnå vilkåret om 25 % lokal medfinansiering.

**Tilleggsframlegg frå Sølvi Knudsen, SP:**

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd kostnadsoverslag vedk. utbygging av breiband/fiber og mobil i alle delar av Meland kommune der det i dag ikkje er slikt tilbod. Kostnadsoverslaget vert lagt fram for kommunestyret før budsjetthandsaminga for 2019.

**Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 25 røyster mot og fall.**

**Rådmannen sitt alternative framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.**

**KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyre godkjenner at Meland kommune søker om tilskot til utbygging av breiband for følgjande område: Landsvik-Kårbø-Husebø-Sætre-Skjelanger, Gaustad-Ådland, Io, Myrtveit-Håtuft-Hestdal-Hestnes-Grasdalen-Espetveit, Fosse, Eikeland, Meland-Bjørnstad og Dalstø. Dale, Ryland syd-Fløksand og Erstad vert omsøkt dersom det viser seg at dei har låg nok fart til å bli kvalifisert til søknadsordninga. Dersom det skulle vise seg at søknadssummen overstig ramma Hordaland fylkeskommune har fått tildelt skal områda med lågast fart i dag bli prioritert. Kommunen bevilger inntil kr 2 mill frå disposisjonsfondet til kommunal medfinansiering for å oppnå vilkåret om 25 % lokal medfinansiering.

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd kostnadsoverslag vedk. utbygging av breiband/fiber og mobil i alle delar av Meland kommune der det i dag ikkje er slikt tilbod. Kostnadsoverslaget vert lagt fram for kommunestyret før budsjetthandsaminga for 2019.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Marianne Aadland Sandvik	FE - 231	18/877

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
36/2018	Utval for drift og utvikling	PS	17.04.2018
37/2018	Formannskapet	PS	25.04.2018
30/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Tilkoplingsavgift til kommunalt vatn og avlaup for ikkje-søknadspliktige bueiningar

### Saksopplysningar:

Med verknad frå 1.1.2016 fekk byggesaksforskrifta (SAK10) til plan- og bygningslova nytt innhald, jf. SAK10 § 2-2 («Oppdeling av boenhet»):

*«Søknadsplikt for oppdeling av boenhet i eksisterende bolig oppstår når enhetene*

- a) *Har alle hovedfunksjoner for bolig, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett,*
- b) *Har egen inngang og*
- c) *Er fysisk atskilt fra øvrige enheter.» [Rådm. Understr.]*

Formålet med endringa var å leggje til rette for utleige av del av eksisterande bustad, ved å lempe på tekniske krav og ved å unnta slike bueiningar frå søknadsplikt. Føresetnaden for at ei deling ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, er at arealet som skal nyttast allereie er hovuddel innanfor ei brukseining ettersom bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei brukseining i seg sjølv er søknadspliktig, jf. SAK10 § 3-1 bokstav c), jf. pbl §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav d), jf. bokstav a).

Plikta til å betale for kommunale tenester følgjer av eigne forskrifter. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune er vedteke i kommunestyret den 17.12.2014 og erstattar eldre forskrift etter gamalt lovverk, første gong vedteke 19.12.2001. Forskrifta er vedteke med heimel i Lov av 16. mars 2012 om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forureining § 16-1 andre ledd.

Gebyrsatsane er fastsett i vedtak frå kommunestyret av 13.12.2017, sak 115/17, med verknad frå 1.1.2018.

I Forskrift om vass – og avlaupsgebyr § 3 første punkt står det følgjande:

*«Eigar/festar av eigedom med eige gardsnummer, bruksnummer/festenummer og som har påståande bygg som er eller skulle vore registrert i matrikkelen med eige gardsnummer, bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer, og som er tilknytt kommunalt vatn – og/eller kommunal avlaupsleiding direkte eller gjennom privat leidningsnett. Dersom abonnenten òg eiq husvære som etter regelverket i matrikkelen er eller skulle vore registrert med eige bustadnummer, skal og slikt husvære betale gebyr som ein abonnent, men huseigar er ansvarleg for at pålagde gebyr vert betalt.» [Rådm. understrk.]*

Føresegna legg altså til grunn at det skal betalast særskilt abonnementsgebyr for husvære «som etter regelverket i matrikkelen er eller skulle vore registrert med eige bustadnummer.»

Matrikkellova § 21 pålegg kommunen ansvaret for å fastsetje offisiell adresse til eigedomar og bygningar. Tildeling og endring av adresser er nærare regulert i Matrikkelforskrifta § 50. I tredje ledd står følgjande:

*«Har bygning fleire hovedinnganger, kan hver inngang gis egen vegadresse. I bygning med flere boliger der disse har atkomst fra forskjellig ytre inngang, skal hver enkelt inngang tildeles egen vegadresse.» [Rådm. understr.]*

Kva som er ein «*bolig*» har Kommunal- og moderniseringsdepartementet definert slik i sin kommentar til Matrikkellova m/forskrift av 21.8.2012:

*«Med bolig menes en bruksenhet som består av ett eller flere rom, som er bygd eller ombygd som helårs privatbolig for en eller flere personer, og har egen atkomst til rommet eller rommene uten at en må gå gjennom en annen bolig. En leilighet er en bolig med minst ett rom og kjøkken. En hybel er et rom med egen inngang beregnet som bolig for en eller flere personer, som har adgang til vann og toalett uten at det er nødvendig å gå gjennom en annen bolig. Bolig er fellesbegrep for leilighet og hybler.» [Rådm. Understr.]*

Det ovannemnde viser at matrikkellova sin definisjon av «*bolig*» er vidare enn plan- og bygningslova sin definisjon av «*boenhet*» ved etablering av sjølvstendig bueining i eksisterande bygning etter SAK10 § 2-2, som føreset at einingane er fysisk skilde.

Ombygging av ein bygning frå til dømes ein til to bueinigar er etter dette ikkje søknadspliktig deling etter SAK10 § 2-2, så framt delinga ikkje inneber at bueiningane vert fysisk åtskilt. Viss bueiningane har kvar sin inngang, skal dei likevel registrerast med eigne adresser etter matrikkelforskrifta § 50 tredje ledd og som ein abonnent etter Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 3 første punkt.

I høve tilknytingsavgift følgjer det av Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 5 andre ledd andre setning at «*[v]ed ombygging/endring av noverande bygg slik at det vert fleire abonnentar i bygget, skal kvar ny abonnent betale tilknytingsgebyr.*» I tillegg skal det betalast årsgebyr, jf. forskrifta § 6.

Dette betyr at det ved etablering av hyblar som ikkje treng byggjeløyve etter plan- og bygningslova, jf. SAK10 § 2-2, skal betalast tilknytingsgebyr og årsgebyr for vatn og avlaup.

Ettersom arealet allereie er godkjent brukt som hovuddel i bygningen, og fordi det ikkje skjer ei fysisk tilkopling, har rådmannen vanskar med å forklare behovet for å krevje tilknytingsgebyr for hyblar som etter pbl er unnateke frå søknadsplikt. Vi har også vanskar med å få registrert desse hyblane med egne adresser og abonnementsgebyr, fordi vi ikkje får kunnskap om kvar dei er.

Ved spørsmål om kva krav som vert stilt til etablering av slike hyblar opplever vi at mange anten lar vere å etablere hyblar eller lar vere å opplyse kommunen om at dei etablerer hyblar fordi dei då må betale inntil kr 40 000,- + mva for tilknytninga. Etablering blir då ikkje mogleg å fange opp av rådmannen utan ved spørsmål frå naboar, ved annonserte utleigeobjekt o.l.

Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune vart vedteken 17.12.2014 og lovendringa i SAK10 § 2-2 trådde i kraft 1.1.2016. Lovendringa si betydning for dei lokale vass- og avlaupsgebyra har dermed ikkje vore vurdert av kommunen. Rådmannen ber Kommunestyret om ei vurdering av om hyblar som er etablert i samsvar med SAK10 § 2-2 skal reknast som ein abonnent etter Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune.

Rådmannen sitt forslag er at dei vert rekna for ein abonnent, og at dei slik skal betale årsgebyr, men at dei vert fritekne for tilknytingsgebyret. Vi viser til at formålet med å stille færre og enklare krav til etablering av hyblar i eksisterande bustadar i samband med endring av SAK10 § 2-2 var for å auke tilgangen til utleigehyblar. Viss kommunen fritek frå tilknytingsavgifta stør vi opp om dette formålet. Ved å framleis krevje årsgebyr for hyblane sikrar vi at bebuarane betaler for kommunale tenester på lik linje med alle andre som mottek desse tenestene i kommunen.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret fritek etablering av bueiningar i samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) § 2-2 for tilknytingsgebyr etter Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 5 andre ledd andre setning. Det skal betalast årsgebyr for bueiningane i samsvar med forskrifta § 6.»

#### **Utval for drift og utvikling - 36/2018**

#### **UDU - behandling:**

#### **UDU – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret fritek etablering av bueiningar i samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) § 2-2 for tilknytingsgebyr etter Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 5 andre ledd andre setning. Det skal betalast årsgebyr for bueiningane i samsvar med forskrifta § 6.

## **Formannskapet - 37/2018**

### **FS - behandling:**

#### **FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret fritenk etablering av bueiningar i samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) § 2-2 for tilknytingsgebyr etter Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 5 andre ledd andre setning. Det skal betalast årsgebyr for bueiningane i samsvar med forskrifta § 6.

## **Kommunestyret - 30/2018**

### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret fritenk etablering av bueiningar i samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) § 2-2 for tilknytingsgebyr etter Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 5 andre ledd andre setning. Det skal betalast årsgebyr for bueiningane i samsvar med forskrifta § 6.»



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 153	18/1130

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
38/2018	Formannskapet	PS	25.04.2018
31/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Auke i budsjett til utlån av startlånsmidler for 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Grunna nye bankforskrifter i dei ordinære kredittinstitusjonane har vi merket en økt etterspørsel etter kommunale startlån. Bankenes nye restriksjonar inneberer at det ikkje lenger innvilgast 100% belåning av bustader. Forskriftsendingane inneberer og at søkjarar må ha 15% eigenkapital, samt at det ikkje lånast ut lån som overstiger 5x søkjar sin bruttoinntekt.

I tida før dei nye bankforskriftene trådde i kraft hadde vi et tett samarbeid med bankane og hjalp fleire inn på bustadmarknaden ved å yte toppfinansiering. I 2017 har bankane blitt meir restriktive i sitt samarbeid med kommunen. Dette har resultert i at kommunen i startlånssakene har måtte fullfinansiere bustader i større grad enn tidlegare. Som konsekvens på sikt vil kommunen sitt startlånsbudsjettet bli oppbrukt raskare og vi vil kunne hjelpe færre søkjarar per år enn tidlegare.

I 2017 og 2018 har vi stadig plukka opp politiske signaler på at startlånsmidla er for streng i sine vurderingar. Dei same signala har vi fått frå Husbanken. Vi har derfor søkt å bli meir romslege i våre vurderingar og tatt i bruk dei hjelpemidla vi har anledning til etter Husbanken sine forskrifter. På denne måten har vi ytt lån i saker der vi tidlegare hadde vært tvilande. Dette har medverka til at årets startlånsbudsjett nå er oppbrukt. Vi anmoder om at kommunens startlånsbudsjett vert utvida, da vi opplever auka etterspørsel etter lån.

### Framlegg til vedtak:

Prosjekt 910 Startlån:

Beløp til vidareutlån i 2018 vert auka med kr 8,0 mill. frå kr 7,0 mill. til kr 15,0 mill.

Auken vert finansiert med auke i bruk av bundne investeringsfond (Tidlegare motteke ekstraordinære avdrag avsett til fond) med kr 8,0 mill.

## **Formannskapet - 38/2018**

### **FS - behandling:**

#### **FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Prosjekt 910 Startlån:

Beløp til vidareutlån i 2018 vert auka med kr 8,0 mill. frå kr 7,0 mill. til kr 15,0 mill.

Auken vert finansiert med auke i bruk av bundne investeringsfond (Tidlegare motteke ekstraordinære avdrag avsett til fond)med kr 8,0 mill.

## **Kommunestyret - 31/2018**

### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Prosjekt 910 Startlån:

Beløp til vidareutlån i 2018 vert auka med kr 8,0 mill. frå kr 7,0 mill. til kr 15,0 mill.

Auken vert finansiert med auke i bruk av bundne investeringsfond (Tidlegare motteke ekstraordinære avdrag avsett til fond)med kr 8,0 mill.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FA - C83, TI - &16	18/1139

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
32/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

## Søknad om permisjon frå politiske verv

### Saksopplysningar:

Kommunen har mottatt skriv frå Karina Garnes Reigstad, der ho søker om permisjon frå politiske verv for perioden 01.06.18 – 09.09.19. Søknaden er grunngjeven med utflytting frå kommunen og at ho i denne perioden mellombels skal jobbe i Oslo.

### Vurdering

Søknaden gjeld ikkje folkeregistrert utflytting, men permisjon for eit gitt tidspunkt. I samsvar med kommunelova kan kommunestyret då etter søknad fritta, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje utan «uforholdsmessig vanskelighet eller belastning» kan skjøtte sin plikter i vervet. Arbeidstilhøve kan vere gyldig fritaksgrunn. Administrasjonen vil difor tilrå at Karin Garnes Reigstad vert innvilga permisjon som omsøkt.

Ettersom Reigstad ikkje trer endeleg ut av verva sine, er det ikkje nødvendig for kommunestyret å gjere nyval. Varamedlem vert då innkalla i den nummerorden som gjeld.

### Oversyn politiske verv - Karina Garnes Reigstad:

Kommunestyret	Medlem
Utval for drift og utvikling	Medlem
Formannskapet	Varamedlem
Administrasjonsutvalet	Varamedlem
Valstyret	Varamedlem
Fellesnemnda	Varamedlem

Folkehelse; Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomil: Ikkje relevant i saka.

### Konklusjon

Administrasjonen tilrå at Karina Garnes Reigstad vert innvilga permisjon frå politiske verv for tidsrommet 01.06.18 – 09.09.19. Varamedlem trer inn i den nummerorden dei er valde.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Karina Garnes Reigstad får innvilga permisjon frå politiske verv for perioden 01.06.18 – 09.09.19.»

**Kommunestyret - 32/2018****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Karina Garnes Reigstad får innvilga permisjon frå politiske verv for perioden 01.06.18 – 09.09.19.

## **Grunngjeve spørsmål til møte i kommunestyret 02.05.2018**

Hei !

Spørsmålet er om Meland har fulgt anbefalinga om å skaffa seg jodd tablettar i beredskapssammenheng – anbefalt av statens strålevern.

Mange kommunar har ikkje fulgt denne anbefalinga – er Meland ei av desse kommuane?

Saka omtalt på NRK 10 april.

Mvh  
Øyvind Bratshaug  
FRP

### **Svar på grunngjeve spørsmål frå Øyvind Bratshaug (FrP) om jodtablettar**

Spørsmålet gjeld om Meland kommune har fulgt tilrådinga frå Statens Strålevern om å skaffe jodtablettar. Denne tilrådinga vart gitt i desember i fjor. Bakgrunnen for saka er grunna stadig større trafikk med atomdrevne ubåtar langs norskekysten, er kommunane oppmoda om å skaffe seg jodtablettar for lokal lagring. Desse må bestillast frå sentrallager i Oslo.

NRK melde 10. april i år at berre 166 av landets 422 kommunar har fulgt oppfordringa til Statens Strålevern. Meland kommune er ein av dei 166 kommunane som har fulgt oppfordringa og bestilt tablettar.

Kommuneoverlegen har på vegne av Meland (og Radøy) kommune bestilt og fått ca. 2200 dosar jod i februar 2018. Dette skal dekkje dei gruppenesom det er tilrådd å ha beredskap for.

Tablettane blir no oppbevarte på Frekhaug legesenter og det blir diskutert om ein skal ha ei meir framskoten lagring.

Frekhaug, 2.5.2018  
Øyvind H Oddekalv  
ordførar